

Øy Blikk

Nr. 8 torsdag 21. februar 2013 - 29. årgang www.oyblikk.no



BOLIGSPESIALISTEN I GISKE
SELGE BOLIG?

Kontakt meg i dag for
en gratis verddivurdering

Audun Siøholt
mob 906 03 774
audun@notar.no

www.notar.no

notar

Laussal kr 20,-

Sommerfesten: Bonde Bjørn Ove Ringmo (biletet) vil ikke tillate at Sommerfesten på Giske kjem så nær inn på garden hans som det no er planlagt. Han og Mona Fauske fryktar for jordbruksområda som grensar til festivalen.

SIDE 3

Kjærllek: Kjærllek til heimtraktene, familien og yrket gjorde at vigrarenta Guro Synes vende ryggen til Oslo og fann vegen heim til Sunnmøre. – Og no blir dei ikkje kvitt meg, smiler ho som har funne draumejobben i byen.

SIDE 10-11

Ein båt med bøker: Bokbåten Epos er ein velkommen gjest langs kysten. Denne veka var han innom Alnes og skulelevane var ikkje seint med å ta seg ombord. Der møtte dei mellom andre tryllekunstnaren Trond Magnum.

SIDE 8



Foto: Randi Longva

Vil bygge taekwondo-miljø

Irene Giskegjerde og Jan Tore Fure ønskjer at også innbyggjarane i heimkommunen skal få ta del i den treningsgleda og det sterke samhaldet som taekwondo gir. Difor etablerer dei klubb i Giske. Kvar måndag frå mars vil dei instruere 50 barn i alderen seks til 12 år. Målet er å bli ein fullverdig klubb med stor aktivitet for innbyggjarar i alle aldrar.



TAEKWONDO: Jan Tore Fure og Irene Giskegjerde håper å bygge opp eit godt og sosialt treningsmiljø med etableringa av Giske NTN Taekwon-Do Klubb. Dei har sjølv hatt stor glede av å trene taekwondo i ei årrekke. Verken spensten eller koordinasjonen er det noko å seie på.

Foto: Randi Longva

Startar lokal taekwondo-klubb

Jan Tore Fure og Irene Giskegjerde gler seg til å starte opp taekwondo-klubb i heimkommunen. Tospannet startar med kurs for barn. Til hausten håper dei å byrje med treningar for vaksne.

RANDI LONGVA

– Vi har hatt lyst til å starte opp taekwondo-klubb i Giske i mange år, fortel Irene Giskegjerde. Som giskejente tykkjer ho

det er ekstra kjeikt å skape eit aktivitetstilbod for innbyggjarane på øyane.

God respons

Både Giskegjerde (27) og sambuaren Jan Tore Fure (29) har trena taekwondo og vore sterkt engasjerte i Alesund Taekwon-Do klubb i mange år. Fure seier no frå seg leiarvervet i Alesundklubben, men begge to kjem til å halde fram som instruktørar i byen, samstundes som dei satsar i Giske. Dei startar med treningar for barn i alderen 6-8 og 9-12 år kvar mandag frå 4. mars på Valderøy barneskule.

– Begge gruppen er fulle, og vi har endå til venteliste, opplyser ein fornøgd Fure. Dei vart overvelda av responsen etter at dei kørte introduksjonskurs tidlegare i vinter. Mesteparten av dei 50 påmeldte deltok på dette kurset.

Pengebehov

Å starte ein taekwondo-klubb er ein krevjande prosess, men no skal alt vere på plass, seier Fure. For at utøvarane skal få mest muleg variert trening, håper dei å få økonomisk draghjelp til å kjøpe inn utstyr. Frå kommunen har dei fått

ein liten skjerv, men dei set sin litt til at dei får pensjoniststyret også frå privat hald – dei treng minimum 30.000 kroner.

Med seg i styret har leiar Fure og nestleiar Giskegjerde fått med seg styremedlem Pål Steinar Kringstad. Og instruktørjobben står dei sjølve for.

Det er to rutinerne instruktørar barna i Giske får opplæring av. Både Fure og Giskegjerde skal forsøke å gradere seg til svart belte 3. Dan til sommaren. Gradsystemet går opp til 9. Dan, men ingen i Norge innan ITF Taekwon-Do har den høigast oppnåelege graden.

Etter at sambuarene vart tobarnsforeldre, har det blitt vanskelegare å kombinere småbarnslivet med konkurering for Giskegjerde sin del. Ho har vore på det norske landslaget, og har mange merittar å vise til.

Samhald

Den langsiktige målsetninga er å bygge opp ein fullverdig taekwondo-klubb i Giske, med tilbod for både barn og vaksne.

– Taekwondo passar for alle som vil prøve noko nytt og spanande. Kva alder eller fysikk ein har, har ingenting å seie. Alle byrjar frå scratch, og etter

kvart vil ein kome i god form, forsikrar Fure. Han meiner at det å skape eit sterkt sosialt miljø, der ein lærer gode haldningar til å ta med seg vidare i livet, er vel så viktig som sjølve treninga. Verdiane kjem til uttrykk i dei fem grunnprinsippa: høflegheit, ærligdom, iverdighet, sjølvkontroll og ukueleg and.

Som Mot-ambassadør er Giskegjerde også med på å vidareføre verdiane til den haldningsskappande organisasjonen. Fure påpekar at Mot og taekwondo så å seie har identisk verdigrunnlag.

– Giske kommune er i dårleg forfatning

Valderøy Pensjonistlag er kritiske til omsorgstilbodet i Giske kommune. Det kommunen meiner er eit forsvaeg tilbod meier pensjonistane er altfor dårleg.

IAN ERIK ANDREASSEN
ian.erik@oyblikk.no

Både i årsmeldinga for 2012 og i ordskitet på årsmøtet tidlegare denne månaden klem Valderøy Pensjonistlag med kraftig kritikk av omsorgstilbodet i kommunen. Og konklusjonen deira er heilt

klar: Giske kommune er i dårlig forfatning.

Kritisk

På årsmøtet kom det fram at berre 19 av landets 430 kommunar er dårlegare på omsorg enn Giske. Det er ei undersøking som Pensjonistpartiet har gjennomført som viser dette. For å konkretisere situasjonen viser pensjonistlaget på Valderøy ein del hadde før Giske omsorgssenter på Valderøya blei bygd. Laget er framleis kritiske til at sjukeheimen blei omgjort til omsorgsbustader og like eins at katedrifta på

omsorgssenteret no blir lagt ned.

Det er eit aktivt pensjonistlag som avvika årsmøte i byrjinga av februar. Årsmeldinga viser at dei har meir enn 120 medlemmar, fordelt på alle øyane i kommunen. Dei har jamt møte året rundt med ulike innslag og dei samarbeider med andre pensjonistlag og kvinne- og familietag om større arrangement. I haust hadde dei til dømes stort eldretreff på Nestun på Giske med servering og god underhaldning. Dei har også hatt ei aktiv hand med i tilbodet om seniordans på Frivillig-sentraen.

Ny pensjonistleiar

Anne Lise Hossen Følsvik er valt til ny leiar i Valderøy Pensjonistlag. Ho tar over etter Harald Hole som takka av som leiar på årsmøtet i laget i byrjinga av februar. Anne Lise Hossen Følsvik har lang røynsle frå både politisk arbeid og i frivillige organisasjonar.

Med seg i det nye pensjoniststyret har ho: Arne Teigene (nestleiar), Irene Skjong (Kas-

setar), Lasse Nilsson (sekretær) og Erling Hovden (styremedlem). Jenny Godø Valderhaug og Kari Skjong er varamedlemmar til styret og Nils Klok er revisor. Nils Skjong og Marit Sæther sit i valnemnda.



Anne Lise Hossen Følsvik er valt til ny leiar i Valderøy Pensjonistlag. Arkivfoto: Jan Erik Andreassen